



Statens vegvesen

Forum Arkitekter AS
Damsgårdsveien 16
5058 BERGEN

Thor Schønning

Behandlende eining: Sakshandsamar/telefon: Vår referanse: Dykkar referanse: Vår dato:
Region vest Tone Bøyum / 55516792 16/163336-2 03.11.2016

Uttale – Fv. 409 – Søknad om dispensasjon frå byggjegrense – Gnr. 24 bnr. 66 – Radøy kommune

Statens vegvesen syner til søknad mottatt 25.10.16 om dispensasjon frå byggjegrense langs veg.

Kva saka gjeld:

Forum Arkitekter AS har på vegner av Radøy kommune søkt dispensasjon frå byggjegrense langs fv. 409 på Bøvågen. Planen er å rive av Bø barnehage og føre opp nytt bygg på same tomta. Barnehagen skal ha plass til 108 barn.

Tomta er regulert til barnehage gjennom ein eldre reguleringsplan for «Nordbø» (1994). Plankartet syner ei byggjegrense mot veg, men byggjegrensa er ikkje omtala i føresegne til planen.

Det er Radøy kommune som er rett planstyresmakt til å avgjere ein dispensasjon frå godkjent reguleringsplan. Statens vegvesen har rett til å uttale seg i saker som vedkjem vårt saksområde. Vi har og klagerett i slike saker. Nedanfor følgjer ei uttale til saka:

Uttale:

Det kjem fram av søknaden at gamle Bø barnehage skal rivast og at det skal oppførast nytt bygg på tomta. Teikningane som følgjer søknaden syner at bygget er plassert om lag 9 meter frå vegmidte på fylkesvegen. Teikningane syner og at bygget er plassert ut i vegbana til kommunal veg. Det er ikkje synt parkeringsplassar for å hente og bringe borna, eller kor personale skal parkere. Radøy kommune må i den vidare prosessen gjere greie for om det er tilstrekkeleg areal til eit såpass stort bygg på tomta, og nok areal til andre funksjonar som til dømes parkering.

Området som tomta ligg i er omfatta av planarbeid som er under prosess. Det var meldt oppstart for «Områdeplan for Bøvågen» i 2013. Statens vegvesen har hatt mange konkrete

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Telefon: 02030
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap
9815 Vadsø

merknader og innspel til dette planarbeidet. Vi har mellom anna akseptert ei byggjegrense på 15 meter der det er lagt til rette for miljøgate, og 30 meter i bustadområda langs fylkesvegen. I brev av 16.07.2016 kom fylkesmannen i Hordaland med samordna uttale med motsegn til planen, og Statens vegvesen hadde særleg motsegn til byggjegrense i planen og parkeringsplass til omsøkte barnehage.

På vårparten 2016 vart plantypen endra til «Kommunedelplan for Bø». Statens vegvesen vidareførte våre uttaler og merknader til dette planarbeidet i brev av 27.05.16.

Statens vegvesen meiner det er relevant å trekke inn det pågående planarbeidet i området. Eit viktig plantema i «Kommunedelplan for Bø» er infrastruktur. Statens vegvesen har i si uttale sagt at planarbeidet må sikre nok areal langs fylkesvegen slik at ein både kan utbetre vegen og leggje til rette for gang-/ sykkelveg. Vi har og meint at det bør leggjast til rette for tilbod til mjuke trafikkantar på begge sider av vegen.

Med bakgrunn i den pågående planprosessen og vår konkrete motsegn til planen er Statens vegvesen kritisk til ein søknad som kan komplisere gjennomføring av kommunedelplanen. Til skilnad frå ein planprosess løyser ikkje dispensasjonssøknaden dei overordna problemstillingane som er i området, under dette tilkomst til barnehagen, parkering og tilrettelegging for mjuke trafikantar. Statens vegvesen kan i dette tilfellet ikkje sjå at det ligg til rette for å søkje dispensasjon frå godkjent plan.

Vidare saksgang:

Det er Radøy kommune som avgjer søknader om dispensasjon frå plan. Dette brevet skal leggjast ved søknaden som skal sendast Radøy kommune.

Statens vegvesen ber om å få Radøy kommune sitt vedtak over for klageurdering.

Plan og forvaltningsseksjon, Bergen

Med helsing

Kari Elster Moen

overingeniør

Tone Bøyum

overingeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi

Radøy kommune, Radøyvegen 1690, 5936 MANGER